

Siv.ing Vidar Mjøs
Fabrikksgaten 7b
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/335 - 20/76458

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2020

Avvist søknad om Småbåthamn - gbnr 427/12 Fløholmen

Administrativt vedtak. **Saknr: 1293/20**

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker:

Søknadstype:

Siv.ing Vidar Mjøs

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbL) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om småbåthamn / flytebrygge avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 03.12.2019.

Saka gjeld søknad om småbåthamn.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av kommuneDELplan 2011 – 2023, delrevisjon 2019 for Radøy.
Området er avsett til småbåthamn.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Dokumentasjon på nabovarsel og nabomerknader, samt kvittering for nabovarsel.
Kravet om nabovarseling følgjer av plan- og bygningslova § 21-3, jf. SAK10 § 5-2. I rettleiing til andre ledd er det presistert at nabovarselet skal gi ein dekkande beskriving

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

av tiltaket; kva som skal byggjast og kor det skal byggjast. Det er også eit krav av målast situasjonskart og snitt- og fasadeteikningar skal leggjast ved sjøle varselet. Vidare er det sagt at «det skal framgå om tiltaket krever dispensasjon frå plan- og bygningslova [...] og begrunnelse for dispensasjonssøknaden». Denne dokumentasjonen skal også fylge søknaden om tiltak jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav n. Dette er også omtala i mangelbrev datert 25.02.2020.

- Det er i søknaden av 2.12.2019 opplyst at det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplanens generelle plankrav og frå kommuneplanens byggjegrense i sjø for etablering av flytebryggje. Søknaden om dispensasjon er ikkje grunngjeve og vart etterspurt i mangelbrev datert 25.02.2020. I tilsvart frå ansvarleg søker datert 02.03.20 kjem det fram under avsnitt «Grunngjeving» følgjande:

«Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanens byggjegrense i sjø av di kommunen (Radøy) under denne føresetnad lova å leggja saka fram for politisk handsaming – underforstått: med tilhøyrande communal saksutgreiing som avklarar korleis kommuneplanen skal vera å forstå på dette punktet. Sjå elles punkt 3 nedanfor»

Når kommunen skal vurdere om omsyna bak bestemmelsen(e) det er søkt dispensasjon frå, eller omsyna i lovens formålsbestemmelse, blir vesentleg tilsidesett er det naudsynt med ein grunngjeve søknad. Vidare må fordelane med å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ein samla vurdering. Begge desse vilkåra må vera oppfylt etter ein konkret vurdering. Det er difor naudsynt med ein grunngjeve dispensasjonssøknad knytt til dei momenta det er søkt om dispensasjon frå.

- Det var i mangelbrev datert 25.02.2020 etterspurt kart som syner avviket i høve til bygggrense. Aktuelle situasjonskart syner dimensjon på båthamn, men ikkje avviket knytt til byggjegrense.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. bygesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikksgaten 7b

5059 BERGEN